

---

**Fra:** Cecilie Fersnes Johannesen  
**Sendt:** fredag 18. mai 2018 10.39  
**Til:** 'mariarosnes@yahoo.no'  
**Emne:** SV: Kvalitet og pasientsikkerhet i Lindås kommune

Hei,  
Her er eit kort svar på noen av spørsmåla.

Frå eit overordna perspektiv er svaret på spørsmåla dine som vist under. For svar i forhold til praktisk gjennomføring anbefaler vi til at du snakkar med avdelingsleiar i heimetenesta.

Lindås kommune nyttar KF kvalitetsstyring frå kommuneforlaget som elektronisk verktøy. Her vert alt frå overordna styringsdokument, til innhald og rutinar for den enkelte teneste publisert. Oppdatert lovverk med delegasjon til organisasjonseiningane og avvikshandtering er ein del av systemet. Oppdateringar og revisjonar kan handterast umiddelbart, slik at siste og oppdaterte versjon ligg tilgjengelig for alle tilsette på kommunens intranett.

All avvikshandtering knytt til styring av organisasjonen Lindås kommune, skal bruke dette avvikssystemet. Avvikshandteringa følgjer linjeorganiseringa. Leiarar på alle nivå får ut oversikt og statestikkar for sine områder. Rådmannen har ein heilskapleg oversikt for organisasjonen. Dette er tema på leiarmøte kvar månad.

Lindås kommune hold seg oppdatert på nytt lovverk/retningslinjer/forskrifter m.m til ein kvar tid. I tillegg deltek vi også på ulike læringsnettverk/ kurs/ seminar o.l

Lindås kommune sett pasientsikkerheten og kvaliteten i høgt fokus.

Håper dette kan væra til hjelp!

MVH  
**Cecilie F. Johannesen** | Rådgjevar helse og omsorg

**E-post:** [Cecilie.Johannesen@lindas.kommune.no](mailto:Cecilie.Johannesen@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 408 03 589  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Maria Rosnes [<mailto:mariarosnes@yahoo.no>]  
**Sendt:** tirsdag 15. mai 2018 21:16  
**Til:** Leni Dale  
**Emne:** Kvalitet og pasientsikkerhet i Lindås kommune

Hei!

Eg er sjukepleiarstudent på desentralisert på høgskulen i >bergen. For tida er eg i praksis i Heimesjukepleien i Knarvik. Vi er ei gruppe på 4 studenter som skal besvara ein gruppeeksamen i løpet av veka. Oppgåva er kvalitet og pasientsikkerhet. Derfor lurar eg på om du kan svara meg på nokre spørsmål?

-Kva har kommunen gjort for å bevare og sikra kvaliteten og pasientsikkerheten på ein best mulig måte?

-Kva gjer kommunen for å unngå feil og avvik i medikamenthåndteringa?

-Når det først har skjedd ein feil, kva gjer kommunen for å øka sikkerheten?

-er pasientsikkerhetssatsing eit høgaktuelt tema?

-Kor er lindås kommune gode, og kva gjer kommunen for at det skal bli enda betre?

-Er samarbeidet mellom dei forskjellige instansane gode nok for å sikre kvalitet?

Har du fleire tips til kva som kan vere viktig for oss å ta med?

Håper du kan svara meg så snart som mulig.

Mvh Johanna Maria Rosnes